



RISIKOPOLICY FOR HØGSKOLEN I TELEMARK

Fastsett av styret 27.11.08

Dokumentets status

Dette dokumentet fastset overordna retningslinjer for høgskolens arbeid med risikostyring, og omtalar mål, prosessar og ansvarstilhøve.

Dokumentet er styrande for alle som har ansvar for og er involverte i arbeidet med risikostyring, og er ope tilgjengeleg for alle tilsette og studentar.

Føremål

Målet med risikostyringa er å forbetre mål- og resultatstyringsprosessen, slik at sjansen aukar for at høgskolen når sine mål. Innsatsen som skal leggjast ned, og detaljeringsgraden i vurderingane, må bestemmast ut frå eit kost-nytte-perspektiv.

Risikostyringa skal skje gjennom systematiske vurderingar av kritiske suksessfaktorar og av kva tilhøve eller hendingar som kan truge måloppnåinga (risikofaktorar). Dermed skal det bli lettare å vurdere realismen i mål og planlagde prosjekt og tiltak slik at prioritering og ressursstyring blir betre. Risikovurderingane skal gjere det lettare å identifisere og setje inn relevante åtgjerder for å minske risikoen, og å konsentrere styring og intern kontroll mot vesentlege område.

Integrering i mål- og resultatstyringa

Risikostyringa er ein del av kvalitetssikringsarbeidet, og skal vere integrert i arbeidet med mål- og resultatstyring i høgskolen ved at det vert gjort risikovurderingar som ein del av arbeidet med å utforme års- og tiltaksplanar, og ved at desse vurderingane vert følgde opp i leiarmøte på fastsette tidspunkt året igjennom.

I tillegg skal det gjerast risikovurderingar før oppstart av prosjekt og enkelttiltak av større omfang, og vurderingane skal følgjast opp under gjennomføringa. Systematisk risikostyring skal også integrerast i arbeidet med å utvikle og fastsetje system og arbeidsprosessar i høgskolen.

Metodikk

Arbeidet med risikostyring i HiT følgjer det opplegget som til kvar tid er fastsett av høgskolen sjølv, og som byggjer på den metodikken som er utvikla av Senter for statleg økonomistyring.

Organisering, roller og ansvar

Ansvaret for og arbeidet med risikostyring følgjer strukturen i lineorganisasjonen. Risikostyring er eit leiaransvar, og det er nødvendig at leiarane sjølve tar aktivt del i arbeidet.

Høgskolens styre har det overordna ansvaret for at det blir drive risikostyring, og for hovudprinsippa i opplegget for dette arbeidet.

Rektor og høskoledirektør har eit felles leiingsansvar for at risikovurderingane blir mest mogleg relevante og treffande og at dei blir følgde opp. Høgskoledirektøren har det administrative leiaransvaret for å utvikle metodikk og rutinar, for å strukturere og leie arbeidet med risikostyring på institusjonsnivå og for å sjå til at dei rutinane som blir fastsette på driftseiningsnivå, blir følgde opp.

Leiarane for driftseiningane og leiarane for seksjonane skal delta aktivt i arbeidet med risikostyring på institusjonsnivå, og har ansvar for å strukturere og gjennomføre arbeidet med risikostyring innanfor sine område i samsvar med dei retningslinene som er fastsette.

Medarbeidarar som blir involverte i prosessane rundt risikostyring, har ansvar for å medverke til at innhaldet i risikovurderingar og tiltak blir best mogleg innanfor sine arbeidsfelt.

Informasjonstilgang

Høgskoleleiinga og leiinga ved den enkelte driftseininga skal vurdere om det er dokument i samband med risikostyringa som ikkje kan vere offentleg tilgjengelege.¹ Resultatet av risikovurderingar, dvs. relevant styringsinformasjon, skal gjerast kjent for dei personane som har eit ansvar for å handtere identifiserte risikofaktorar.

¹ Jf offentlegheitslova § 4, 1. leden (misvisande bilde), § 5 (interne dokument i saksførebuing) eller § 6.2.a (omsyn til forsvarleg økonomi-, løns- eller personalforvaltning).